



Marius Kambestad og Joar Tverberg i arbeid ved Storebru.

I dag har Marius Kambestad og Joar Tverberg frå firmaet Rådgivende Biologer AS gjennomført elektrofiske og teljing av botndyr i Uskedalselva. Dette er ein del av ei nasjonal oppfølging av vassdrag som mottar støtte til kalking. Arbeidet vert styrt av Miljødirektoratet.



Biologane bedøver småfisken med straum og gjer seg klar til fiske.

Kambestad fortalde i ein pause at dei har 7 fiskestasjonar der dei tel småfisk og 4 stasjonar der dei undersøker botndyr. I tillegg vert vassprøvar tatt lokalt og sendt inn gjennom året slik at dei har oversikt over utviklinga når det gjeld Ph-verdi i elva.

Ved fisketeljinga vert småfisken først bedøvd med elektrisitet, før dei samlar den med håv i bøtter og tel opp. På kvar stasjon vert dette gjentatt 3 gonger, og området er 20 meter elvelengd. Då eg snakka med dei, var dei like ovanfor Storebru på Haugland. På denne stasjonen var det berre fisketeljing, ikkje undersøking av botndyr.

I dag starta dei to biologane øvst i dalen og bevega seg nedover. Når dei er ferdige, skal sjølvst funna bearbeidast. Det vert også gjort andre undersøkingar som til dømes teljing av gytefisk. I Uskedalselva er det Unimiljø som står for dette medan Rådgivende Bilogger AS gjer det i Rosendal og Omvikdalen.

Kambestad seier at Uskedalselva er med i mange samanhengar. Dermed har ein god kontroll på framtidsutsiktene for elva.

Etter dagens funn i øvre del av elva, kan han alt no slå fast at det aldri har vore registrert meir laks(12-14 cm). Tidlegare var det svært lite laks i dei øvre delene av elva. No dominerer laksen i heile elvestrekningen. Også i Børdsalselva er det no laks. Det var det ikkje tidlegare då det var for surt.

På spørsmål om det er kalking som er grunn til dette, seier han at det no ikkje er kalking i hovudelva. Årsaka er nok mindre sur nedbør. I Børdsalselva er det framleis kalking, og der hadde det nok ikkje vore laks utan tilførsle av kalk.

Rådgivende Biologer AS gjennomfører liknande undersøkingar i 4 elvar i Hordaland og ei i Sogn og Fjordane annakvart år.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland